

## Møte i fakultetsrådet, ved Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS), Høgskulen på Vestlandet (HVL)

Dato: Måndag 14.november 2022, kl.12:00-15:00.

Stad: Bergen, Campus Kronstad 2 (Inndalsveien 28), møterom M160 (1.etasje).

### **Deltakarar:**

Randi Skår (dekan, møteleiar)

Therese Bøyum (fakultetsrådgivar, sekretær)

### Eksterne representantar:

Marianne Clauda Bjørkly (kompetansekordinator/Prosjekt Økt kompetanse, NAV Fylkeskontor Vestland)

Olav Klausen (administrerende direktør, Helse Fonna)

Elin Wetås Jara (spesialrådgivar, KS)

Sverre Simen Hov (næringspolitisk rådgivar, Bergen Næringsråd)

### Interne representantar:

Merete Røthing (førstemanuensis)

Linda Thue Lydersen (seniorrådgivar) (vararepresentant)

Kjetil Grimstad Lundberg (professor) (vararepresentant)

### Studentrepresentant:

Maria Knudsen



### Gjester i møtet:

Sak 8/22: Alice Kvåle (prodekan forskning)

Sak 9/22: Kirsten Bakken (seniorrådgivar, stabseining for styresekretariat og verksemdstyring) og Trude Engebretsen (administrasjonssjef).

### **Forfall:**

Hilde Almås Bø (student), Lovise Haugen Wiik (rådgivar), Ole Tormod Kleiven (førstemanuensis) og Eireen Finden (høgskulelektor).

Sak	Saks- type <sup>1</sup>	Saksframlegg	Kva skal skje i møtet?
Sak 8/22:  Forskingsaktivitet i FHS	D	<div style="text-align: center;">             Vedlegg til sak 8-22.pdf         </div> <div style="text-align: center; margin-top: 20px;">             Presentasjon til sak 8-22..pdf         </div>	<p>Alice Kvåle (prodekan forskning) deltek i møtet, og orienterer fakultetsrådet om korleis forskingsaktiviteten er organisert i FHS.</p> <p>Vidare vil fakultetsrådet få presentert to aktuelle utfordringar knytt til organisering av forskingsaktiviteten i FHS. Prodekan forskning gir nødvendig informasjon om utfordringsbiletet, som grunnlag for drøfting og innspel frå fakultetsrådet.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. I framtida vil vi vere avhengig av å finansiere ein større del av FoU-verksemda med eksterne midlar. Kva grep bør vi gjere for å nå dit?</li>   <li>2. Kvart år får tilsette ved FHS totalt tildelt om lag 68.000 timar til forskning og utviklingsarbeid (FoU-tid). FHS sitt totale lønsbudsjett var på om lag 292 millionar i 2022, og av desse utgjer FoU-tida om lag 34,4 millionar. Kva grep bør vi gjere dersom vi i større grad blir utfordra på å differensiere i tildeling av FoU-tida, med tanke på å få betre utnytting av ressursane? Eller har vi god nok utnytting slik systemet er i dag?</li> </ol>
<p><b>Referat i sak 8/22:</b></p> <p><b>Kort innleiing til saka, v/dekan:</b></p> <p>Regjeringas forslag til statsbudsjett for 2023, gir klart signal om at heile universitets- og høgskulesektoren får strammare budsjett framover. Det er viktig at HVL startar konkrete omstillingsprosessar for å innrette aktivitetsnivået til budsjetttrammene i framtida. Det må settast i verk tiltak for å auke eksterne inntekter, og tilpasse kostnadsnivået til dei framtidige rammene. Dette er eit viktig bakteppe, for drøftingar som vert gjeldande i 2023 og framover. Det blir blant anna naudsynt å sjå på tildeling av FoU-tid og betre utnytting av den, samt korleis vi kan auke eksternfinansiering.</p>			

<sup>1</sup> D = Drøftingssak O=orientering

FHS er også inne i ei utfordrande tid når det gjeld kompetansebygging. Det er krevjande at vi står ovanfor eit generasjonsskifte av tilsette med første- og toppkompetanse, samstundes som det er vanskeleg å få rekruttert nye tilsette med riktig kompetanse (særs lav andel søkjarar med førstekompetanse). Denne situasjonen krev meir fokus på intern kompetansebygging, og fakultetet har jobba målretta med dette dei siste åra.

### **Orientering v/prodekan forskning:**

Prodekan forskning orienterte fakultetsrådet om korleis forskingsaktiviteten er organisert i FHS, og korleis FoU-tid for tilsette vart fordelt i 2022 (syner til vedlegg og presentasjon frå møte).

Prodekan forskning påpeiker at det er behov for ei drøfting av korleis vi kan legge betre til rette for å stimulere til vidare forskings- og utviklingsarbeid i FHS.

Avslutningsvis i vedlagt presentasjon, var det sett opp ei rekke forslag til tiltak / diskusjonspunkt, som grunnlag for drøfting i møtet. Diskusjonspunkta er gjengitt under:

#### Korleis sikre utvikling og utnytting av FoU

- Alle som får FoU-tid må bidra aktivt som medlem i ei forskargruppe / i forskingsprosjekt
- Bruke tildelt FoU-tid og dokumentere kva som er gjort
- Stille krav for tildeling av FOU-tid;
  - Kan man automatisk gje reduksjon med x % dersom 0 publisering og 0 søknader siste 3 år?  
Problem: Tellekantsystem mm (jamfør NOR-CAM)
  - Korleis sikra at FoU-tida vert utnytta optimalt ?
  - Korleis prioritera forskarar som utmerkar seg ?
- Plan og støtte for tilsette må ha fokus på forskning:
  - Medarbeidarsamtale: fagseksjonsleiar + forskargruppeleiar må samarbeide
  - Personalleiarane bør ha forskingskunnskap
- Interne kompetansestipend:
  - Prioritera søknadsskriving til ekstern finansiering, t.d. endra posisjoneringsstipend
  - Halda fram med kompetansestipend (professor/dosentstipend, Ph.d.-fullføringsstipend, førstelektorstipend og Post-doc).
- Internasjonalisering: Nettverksbygging gjennom reisestipend

### Innspel frå fakultetsrådet:

- Fakultetsrådet drøfta forslaget om å innføre strengare krav for tildeling av FoU-tid. Når det gjeld forslag om å innføre ei automatisk reduksjon av FoU-tid (dersom den tilsette ikkje har publisert eller vore med i søknad), påpeiker interne representantar at dersom eit slikt krav skal innførast – er det ein føresetnad at forholda ligg til rette for bruk av FoU-tid. Slik forholda er i dag, er det vanskeleg for den tilsette å planlegge konsentrert forskingstid. Det kan sjå ut til at vi brukar 34 millionar på FoU-tid, men den reelle tidsbruken er truleg annleis, då deler av FoU-tiden går til undervisning og drift. Det vert også nemnt som eit døme, at det er vanskeleg å skulle rettleie dei som er i kompetanseløp, då det går ut over eiga FoU-tid. Burde det her vore øyremerka tid til å vere mentor? (eller eit anna system for å gje uttelling for den type arbeid?)
- Intern representant kjem med innspel om at det er naudsynt å sjå på andre forhold ved organisering og tilrettelegging for bruk av FoU-tid, før ein innfører skjerpa krav for tildeling – og påpeiker at innføring av slike krav kan gje implikasjonar som ein ikkje er oppmerksam på. Det er kanskje meir hensiktsmessig å starte med ei vurdering av kva innhaldet i ei førsteamanuensis stilling skal vere. Vidare kan det vere naudsynt å sjå på andre faktorar, som *kvifor* ein tilsett ikkje publiserer. Kan det til dømes tenkje seg at nokre av dei som ikkje publiserer, nærmar seg pensjonsalder - og kan det vere aktuelt at desse personane gå meir inn i undervisning?
- Intern representant uttrykte at det er behov for å sjå nærare på kva rolle fagseksjonsleiar og forskargruppeleiar har inn i arbeidet med FoU-tid. Er forskargruppeleiane for lite involvert i arbeid med FoU-tildeling? Til dømes er forskargruppeleiarane ikkje med i tildelingsmøte for FoU-tid. Det stillast også spørsmålsteikn ved om nokre fagseksjonsleiarar manglar naudsynt forskingskompetanse. Representanten meiner også det bør bli meir samarbeid mellom fagseksjonsleiar og forskargruppeleiar (om FoU-tildeling).
- Eit sentralt spørsmål, når det gjeld å legge til rette for forskingsaktivitet, er korleis vi tek vi vare på dei nyttilsette - slik at dei kjem raskt i gang med forskingsarbeid. Prodekan forskning informerar om at det vert sett i gang eit nytt tiltak i desember, for å sikre informasjon om forskning til nyttilsette - ved at det arrangerast eit informasjonsseminar om forskning, innovasjon, internasjonalisering, kompetansestipend, mm. Målet med seminaret er å gje nyttilsette innblikk i pågåande forskning i fakultetet, og motivere for framtidig innsats innan FoU.
- Ekstern representant reiser spørsmål ved om fakultetet er tent med å innføre eit meir rigid system for tildelinga. Forskingsarbeid er mindre forutsigbart, og meir krevjande å detaljplanlegge enn driftsoppgåver. FoU-tid er dessutan eit gode, og dei tilsette har ulike førestander for å utnytte dette godet – og påpeiker at leiinga spelar ei viktig rolle i dette. Har ein leiarar som utfordrar nok her? Med knappare ressursar, og på veg mot universitetsstatus, blir det viktig å halde dette oppe. Kan det vurderast om den tilsette skal ha mindre FoU-tid når ein går mot pensjonsalder? Ein anna diskusjon, er om det er høve til å vurdere professor tittelen.
- Tildeling av FoU-tid ved FHS skjer etter stillingskategori og nyansert etter rapportering frå den tilsette. Ekstern representant stiller spørsmål ved om denne rapporteringa er ressurseffektiv. Prodekan forskning kan stadfeste at dette er ein tilbakevendande problemstilling; om ein skal bruke tid på å rapportere og kor detaljert rapporteringa skal vere. Det er tidkrevjande å fylle ut rapporteringsskjemaet, men intensjonen er at rapporten skal brukast

aktivt i medarbeidersamtale – for å sikre god dialog og framdrift av FoU-arbeidet (i tillegg til å vere eit verktøy i den konkrete fordelinga av FoU-tid). Det er ikkje eintydig om dette gjerast i praksis, men rapporten bør vere eit godt utgangspunkt for dialog mellom den tilsette og leiar.

- Fakultetsrådet er opptatt av effekten av kombinerte stillingar, som verkemiddel for å utvikle FoU-arbeidet. Kombinerte stillingar mellom HVL og arbeidslivet rommar eit stort urealisert potensiale for forskningssamarbeid. Kombinerte stillingar kan styrke kvalitet og samhandling i begge sektorar, og behovet for desse stillingane vert drøfta i samarbeidsorgana i desse dagar, og kan vere ei aktuell sak til fakultetsrådet ved seinare høve.
- Med ei klar nedgang i budsjetttrammene, vert det blant anna viktig å auke inntekter gjennom eksternt finansiert aktivitet. Spørsmålet er om FHS har tilstrekkeleg kontakt med omverda, til å stimulere for ny aktivitet. Ekstern representant oppfordrar fakultetet til å søkje offentleg sektor-ph.d. knytt til NAV. NAV har eit samfunnsoppdrag, som fordrar konstant behov for ny kunnskap og forskingsarbeid. NAV lyser også ut FoU-midlar.
- Representant frå helseføretak støttar innspelet, og ser stort behov for å bygge forskingskompetanse i samarbeid mellom føretak og HVL. Representanten meiner ein skal ikkje vente på at prosjekta skal dukke opp, men heller bidra aktivt i å bygge dei opp. Mange med offentleg sektor-ph.d. har/har hatt tilknytning til FHS.

#### Oppfølging av saka:

Prodekan for forskning tar med seg innspela, i det vidare arbeidet med forskings- og utviklingsarbeid i FHS. Det kan bli aktuelt å følge opp saka i møtet den 19.januar, når det gjeld prosess for tildeling av FoU-tid for 2023/2024.

<p>Sak 9/22: Økonomiske rammer og utvikling av studieplassar</p>	<p>D</p>	<div data-bbox="712 1011 763 1070" data-label="Image"> </div> <p>Presentasjon til sak 9-22..pdf</p>	<p>Kirsten Bakken og Trude Engebretsen deltek i møtet, og orienterer fakultetsrådet innan følgende tematikk:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nasjonale utviklingstrekk i styring av UH-sektoren og utdanningstilbod</li> <li>• Historisk utvikling av studieportefølje ved HVL (og dei tidlegare institusjonane)</li> <li>• Problemstillingar og mogleg styring av studieportefølje ved HVL og FHS</li> </ul> <p>Fakultetsrådet er velkomne til gje innspel i saka.</p>
--	----------	---	--

**Referat i sak 9/22:**

Dekan, Kirsten Bakken og Trude Engebretsen orienterte fakultetsrådet innan følgende tematikk:

- Nasjonale utviklingstrekk i styring av UH-sektoren og utdanningstilbod
- Historisk utvikling av studieportefølje ved HVL (og dei tidlegare institusjonane)
- Problemstillingar og mogleg styring av studieportefølje ved HVL og FHS

Syner til vedlagt presentasjon frå møtet.

Dei nasjonale utviklingstrekk i styring av UH-sektoren syner store endringar i rammevilkåra, og HVL står overfor store omstillingsprosessar. Bodskapet i forslag til statsbudsjett 2023, er at handlingsrommet framover vil vere vesentleg mindre enn i perioden vi har lagt bak oss. I tildelingsbrevet for 2022 går det fram at framtidig vekst i utdanningskapasitet ikkje berre vil kunne finansierast med auke i tildelingar. Det er forventa at institusjonane bidreg ved å gjere nødvendige omprioriteringar innanfor eiga ramme.

Nye politiske føringar og endringar i rammevilkår krev strategiske vurderingar ved HVL, i høve til utvikling av studieporteføljen. Sentrale spørsmål her er: I kva retning skal HVL og kvart fakultet utvikle studieporteføljen framover? Kva verktøy legg vi til grunn for omprioritering?

I skrivande stund er framleis fleire av dei sentrale styringsprinsippa under drøfting i HVL, og saka er førebels først og fremst ei orientering til fakultetsrådet, som eit viktig bakteppe for drøftingar som vert gjeldande i 2023 og framover.

**Innspel frå fakultetsrådet:**

- Når det gjeld utvikling av framtidig studieportefølje, løftar ekstern representant spørsmål om HVL kan sjå nærare på potensiale i overgangar frå vidaregåande skule til høgskule, og om dette kan bidra til å dekke kompetansebehovet i framtida. Til dømes om det kan etablerast ein såkalla Y-veg innanfor bachelorutdanningar på FHS, og syner til liknande ordning på ingeniørutdanninga.
- Rammevilkåra vil også krevje at FHS ser på alternative løysingar, både når det gjeld organisering av utdanning og forskning. Til dømes kan det verte naudsynt å revurdere praksiskrav for enkelte masterutdanningar. Jordmorutdanninga er døme på ei utdanning der HVL kunne tatt opp fleire studentar, men det manglar praksisplassar i helseføretaka. For å dekke kompetansebehovet i samfunnet, kan det bli naudsynt å vurdere andre måtar å løyse praksiskravet – ved til dømes auke i bruk av simulering.
- Ekstern representant syner til drøftingar i ekspertgruppe for helse (ved Bergen Næringsråd), og etterlyser større fokus på utvikling av helsenæring i samarbeid mellom utdanning, forskning, helse- og omsorgssektor og næringslivet. Det vil kome initiativ frå Bergen Næringsråd, der ein ønskjer å kartlegge korleis ein kan få ut meir næringspotensiale i Bergensregionen. Denne regionen har enno ikkje lukkast med å skape tilstrekkeleg næringsutvikling av helseforskning. Det er viktig at dette perspektivet blir tatt med inn i utviklinga av HVL, for å skape eit større fokus på helsenæring.

Prognosar tilseier at Noreg står overfor bortfall av viktige inntektskjelder (innan olje og gass, fastlandseksport). Det er derimot eit stort potensiale for eksport av helsenæring for Noreg, og helsenæringa er gryande i Bergensregionen.

- Dekan kan melde om at FHS ikkje har særleg sterke tradisjonar for å jobbe direkte med næringsutvikling, men at dette blir ei viktig satsing i fortsettinga. Utvikling av helsenæring vil også krevje tverrfakultært samarbeid, då helse- og omsorgssektoren krev samansett kompetanse. Det er også viktig å påpeike at næringsutvikling må famne alle regionar som er tilknytt HVL (på lik linje med Bergensregionen).
- Fakultetsrådet tok elles saka til vitande og takka for presentasjonen.

**Oppfølging av saka:**

Saka kjem attende for fakultetsrådet i neste møte 19.januar.

Sak 10/22:	D		
Eventuelt			

**Referat i sak 10/22:**

Det var ingen saker under eventuelt i dette møtet.